



"Granvin" ved Sandakaien torsdag. Han kjem diverre ikkje att hit under BT-ferda. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Torsdag i førre veka var det stor trafikk av gamle, staselege båtar gjennom Storsundet og MS "Granvin" la til ved Sandakaien for å henta og setja i land AFA-gjengen som var på chartertur til Brandasund. No er "Granvin" snart på våre kantar att, men denne gongen kjem han diverre ikkje innom Uskedalen

I heile juli er båten chartra av 140-åringen Bergens Tidende og ferda starta måndag frå Bergen under stor festivitas. Torsdag skal han mellom anna innom Sæbøvik og til helga skal båten ikkje unaturleg vitja Skånevik der det er stor bluesfestival.

Der blir han liggjande både laurdag og sundag for så å dra vidare til Rosendal måndag. Men då skal han, hvis vi les reiserutekartet rett, ikkje eingong gå gjennom Storsundet! 9. juli er Varaldsøy og Husnes blant stoppestadane.

Målsettjinga med denne originale seilassen er – frå mediehuset BT sin synsstad – å møta lesarar, nettbrukarar og TV-sjåarar og samstundes produsere stoff til "alle kanalar".

- Vi ønskjer å gje publikum eit inntrykk av korleis eit moderne avishus arbeider, seier BT-leiinga.

Av Ola Matti Mathisen